



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Kommunestyret
Møtestad: 1. etg., Volda samfunnshus
Dato: 08.11.2018
Tid: 14:00

Forfall skal snarast meldast til servicekontoret/utvalsekretær på telefon 70 05 87 00 eller postmottak@volda.kommune.no, som kallar inn vara. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf. kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3, skal melde dette til utvalsekretær i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem, jf. forvaltningslova § 8, 3. ledd.

Møtet er ope for publikum, men kan verte lukka ved handsaming av saker som inneheld informasjon som er unnateke offentlegheit.

Saksdokumenta er lagt ut til offentleg ettersyn på Volda kommune si heimeside <https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb> og på servicekontoret.

Jørgen Amdam
ordfører



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 118/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 119/18	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 120/18	Prosjektmidlar - Volda Campus Arena
PS 121/18	Orienteringssaker
OS 40/18	Orientering om årsbudsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022

PS 118/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 119/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Asbjørn Moltudal

Arkivsak nr.: 2018/1817

Arkivkode: 223

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
159/18	Formannskapet	30.10.2018
120/18	Kommunestyret	08.11.2018

PROSJEKTMIDLAR - VOLDA CAMPUS ARENA

Handsaming:

Erlend Krumsvik reiste spørsmål om habilitet, han er styremedlem i Volda Campus Arena, jf. kl. § 40 og fvl. § 6, 1.ledd, e, nr. 2. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet (sju røyteføre):

Erlend Krumsvik vart samrøystes kjent inhabil.

Eivind Festø tok sete.

Røysting (åtte røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 30.10.2018 til kommunestyret:

Kommunestyret vedtek å løyve inntil kr. 1.944.000,- i samband med gjennomføring av anbudsarbeidet for Volda Campus Arena. Summen inngår som del av kommunen si avsette totalramme for prosjektet.

Vedtaket om midlane knytt til prosjektleiing fram til godkjent bygg samt innleige av lokal byggeleiing, om lag kr. 1.560.000,-, vert gjort på vilkår av at kommunen oppnår tilfredsstillande avtalar og endeleg vedtak om igangsetjing.

Dekning: kto 12700.1200.380 Prosj 801750 som vert tilført tilsvarende sum frå disposisjonsfondet.

Erlend Krumsvik tok sete.

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret vedtek å løyve inntil kr. 1.944.000,- i samband med gjennomføring av anbudsarbeidet for Volda Campus Arena. Summen inngår som del av kommunen si avsette totalramme for prosjektet.

Vedtaket om midlane knytt til prosjektleiing fram til godkjent bygg samt innleige av lokal byggeleiing, om lag kr. 1.560.000,-, vert gjort på vilkår av at kommunen oppnår tilfredsstillande avtalar og endeleg vedtak om igangsetjing.

Dekning: kto 12700.1200.380 Prosj 801750 som vert tilført tilsvarande sum frå disposisjonsfondet.

Vedleggsliste:

- Søknad frå Volda Campus Arena v/A. Bakke om tilskot på kr. 1.944.000,- i samband med anbudsarbeidet for Volda Campus Arena.

Uprenta saksvedlegg:**Samandrag av saka:**

I samband med kostnader knytt til gjennomføring av anbodet, samspelfase til totalentreprenør er valt, prosjektleiing fram til godkjent bygg samt innleige av lokal byggeleiing for Volda Campus Arena, vert det søkt om inntil kr. 1.944.000,- for å dekke kostnader knytt til arbeidet.

Rådmannen rår til at kommunen løyver midlane innanfor kommunen si totalramme for prosjektet.

Saksopplysningar/fakta:

Formannskapet vedtok i møte 21.02.2017 PS sak 33/17 å godkjenne oppstart av planprosess for detaljregulering av område O7 på Røysmarka i regi av Volda Campus Arena AS.

Vidare finn ein grunn til å minne om kommunestyret sitt vedtak den 24.11.2016, i sak PS 143/16 som gav retning om planprosessen. Vedtaket er sitert i PS-sak 31/17.

Kommunestyret har i to omgangar i 2017 vedteke å forskottere midlar innanfor totalramma for prosjektet (jfr. Sak 17/74 dok 13 og 31);

PS-sak 31/17 Kommunestyret 30.03.17 i samband med reguleringsarbeidet	kr. 200.000,-
PS-sak 142/17 Kommunestyret 18.12.17 også i samband med reguleringsarbeidet	kr. 230.000,-
Hittil løyvd	kr. 430.000,-

Summane inngår som del av kommunen si avsette totalramme for prosjektet. Desse midlane er førebels utbetalt.

Om denne søknaden syner eg til det som går fram av skrivet frå VCA;

Prosjektet går no inn i ei ny fase. Gjennomføring av anbudsfasen og samspelsfasen i inneværande år med mål om signering av kontrakt med totalentreprenør i februar og oppstart av byggeprosjektet i februar/mars 2020.

Som avtalt vil VCA leige inn nødvendige ressursar og kompetanse for å få gjennomført prosjektet i henhold til dei krav som både VCA og Volda Kommune stiller til gjennomføring og kvalitetssikring, regulert bl.a. i gjennomføringsavtalen mellom partane. Vi har lagt fylgjande budsjett til grunn for vår søknad:

Utføring av grunnprøver Jopllassen, 50% av tilbodspris	kr 184.000,-
KG prosjekt, samspelsfasen fram til totalentreprenør valgt	kr 200.000,-
KG prosjekt, prosjektleiing fram til godkjent bygg	kr 460.000,-
Innleie av lokal byggeledelse, KS og SHA-ansvar (900 timar)	kr 900.000,-
Diverse innleie, reisekostnader og uforutsatte kostnader	kr 200.000,-
SUM søknad	kr 1.944.000,-

Alle prisar er ekskl mva.

Det vert elles teke atterhald om endring av kostnader i løpet av prosessen vidare. Søknaden fylgjer vedlagt til vitende.

Det går fram ovanfor at fleire av elementa i søknaden (om lag kr. 1.560.000,-) er kostnader som kjem etter at totalentreprenør er valt og byggeprosessen er sett i gang.

Kommuneplan samfunnsplan

Er vurdert i tidlegare saker.

Helse og miljøkonsekvensar:

Er vurdert i tidlegare saker.

Økonomiske konsekvensar:

Vert avklara gjennom planprosess, og gjennom eigne saker om økonomisk medverknad frå kommunen.

I denne omgang er det no ei sak om medverknad/økonomisk bidrag knytt til gjennomføring av anbudet, samspelfase til totalentreprenør er valt, prosjektleiing fram til godkjent bygg samt innleige av lokal byggeleiing.

Seinare må det fremjast eiga sak om kommunalt engasjement ev avtale som regulerer kommunen sitt bidrag og leigeforhold i forkant av utbygging.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Er avklara gjennom planprosess.

Vurdering og konklusjon:

Med bakgrunn i søknaden frå Volda Campus Arena AS, kommunestyret sine tidlegare vedtak nemnt ovanfor, finn rådmannen å rå til å løyve inntil kr. 1.944.000,- til det vidare arbeidet med prosjektet. Eg vil likevel tilrå at midlane knytt til prosjektleiing fram til godkjent bygg samt innleige av lokal byggeleiing, om lag kr. 1.560.000,-, vert gjort på vilkår av at kommunen oppnår tilfredsstillande avtalar og endeleg vedtak om igangsetjing.

Rune Sjugard
Rådmann

Asbjørn Moltudal
Ass.rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Volda Campus arena as
Oppvekstsjefen
Høgskulen i Volda
Utvikling
Teknisk sektor
Rådmannen

Volda Kommune
v/ Rådmann Rune Sjurgard
6100 Volda

24.09.18

Søknad om forskottering av prosjektmidler til Volda Campus Arena AS

Viser til møter og samtaler i denne forbindelse.

VCA har no lagt bak seg ei aktiv og ressurskrevjande periode med utvikling og ferdigstilling av anbudsunderlag med tilhøyrande teikningar for Volda Campus Sparebank 1 Arena. Anbudspapira vart lagt ut på Doffin 14.09.18.

Dette arbeidet er i stor grad finansiert gjennom sponsormidler og gåver frå det lokale næringsliv - 1.420 mill av samla kostnad på ca 1.870 mill, tilsvarande om lag 75 %.

Prosjektet går no inn i ei ny fase. Gjennomføring av anbudsfasen og samspelsfasen i inneværande år med mål om signering av kontrakt med totalentreprenør i februar og oppstart av byggeprosjektet i februar/mars 2020.

Som avtalt vil VCA leige inn nødvendige ressursar og kompetanse for å få gjennomført prosjektet i henhold til dei krav som både VCA og Volda Kommune stiller til gjennomføring og kvalitetssikring, regulert bl.a. i gjennomføringsavtalen mellom partane. Vi har lagt fylgjande budsjett til grunn for vår søknad:

Utføring av grunnprøver Joplassen, 50% av tilbudspris	kr 184.000,-
KG prosjekt, samspelsfasen fram til totalentreprenør valgt	kr 200.000,-
KG prosjekt, prosjektleiing fram til godkjent bygg	kr 460.000,-
Innleie av lokal byggeledelse, KS og SHA-ansvar (900 timar)	kr 900.000,-
Diverse innleie, reisekostnader og uforutsatte kostnader	kr 200.000,-
SUM søknad	kr 1.944.000,-

Alle prisar er ekskl mva.

Vi forutset at kjøp av vidare arkitekttjenester blir tiltransportert valgte hovedentreprenør og at dette blir ein del av totalkostnaden der.


Vi tek forbehold om at kostnadsbildet vil kunne endre seg i den vidare prosess ut frå endelig beskrivelse og rolleavklaring mellom VCA, totalentreprenør og dei endelige krav som Volda Kommune stiller til rapportering i gjennomføringsavtalen. Sluttsummen blir også påverka av endelig utforming og beskrivelse av avtalen med ekstern konsulent når det gjeld lokal byggeleiing.

Vi legg vidare til grunn i ovennevnte tall at ein oppnår momskompensasjon. VCA vil søke førehandsregistrering i mva-registeret straks leigeavtalane med Volda Kommune og Møre og Romsdal Fylke er etablert. Dette vil gje løpande mva-refusjon i byggeperioda.

Det vil sjølvst i den vidare prosess vere ein tett dialog med Volda Kommune i forkant av inngåing av forpliktande avtalar for byggeleiing.

Vi ber om rask sakshandsaming og ser fram mot fortsatt eit tett og godt samarbeid i prosjektet.

Venleg helsing
Volda Campus Arena AS



Arild Bakke
styreleiar

PS 121/18 Orienteringssaker

OS 40/18 Orientering om årsbudsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022